

OPNINGSTIDER MEIROPE:

Mån: 17:00 - 21:00

Tys: 08:00 - 21:00

Ons: 08:00 - 21:00

Tor: 17:00 - 21:00

Fre: 17:00 - 21:00

Lør: 08:00 - 21:00

Øn: 08:00 - 21:00

Helligdagar stengt

BEMANNA OPNINGSTID:

Mån: 12:00 – 17:00

Tor: 12:00 – 17:00

Besøksadresse:



Granvin folkebibliotek

Kulturbanken

Hardangervegen 2562

5736 Granvin

Theresa.wallevik@granvin.kommune.no

0047 40007157

MEIROPE BIBLIOTEK

Velkomen til det meirope
biblioteket i Kulturbanken





Kva er eit meirope bibliotek?

Treng du låne bøker, lese, studere eller finne informasjon? Granvin folkebibliotek har eit utvida tilbud for deg som ynskjer å bruke biblioteket utanom opningstid.

Bur du fast i Granvin kommune, får du tilgang på biblioteket. Då må du vere registrert brukar med nasjonalt lånekort og PIN-kode. Du må i tillegg signere kontrakt. Aldersgrensa er 16 år.

Kontrakt, lånekort og PIN-kode får du på biblioteket. Brukarar mellom 16 og 18 år må ha signatur frå føresette. Born kan ta følgje med vaksne.

Tillit og ansvar

Tilgang til det meirope biblioteket byggjer på eit gjensidig tillitsforhold mellom brukar og bibliotek. Brukar har eit særskilt ansvar for å følgje retningslinene i kontrakten. Biblioteket er felles eigedom som skal vere til glede for alle. PIN-kode er personleg, ein skal ikkje ta med seg andre dersom det ikkje er avklara på førehand. Det er installert fotokamera i biblioteket for å trygge brukarane, og for å verne om biblioteket sitt inventar og utstyr. Opphald skjer på eige ansvar, pass godt på biblioteket.



Adgangskontroll

Inngang skjer via adgangskontroll. Scann kortet, tast inn kode, og døra opnar seg automatisk. Det er viktig å syte for å kome seg ut innan stengt tid. Det vil verte lest opp melding på høgtalar i forkant, og lyset vert sløkt. Det er viktig å halde seg orientert om tidene for meirope. Ta vare på denne folderen.

Låneautomat

På låneautomaten kan du levere, låne og sjekke status på utlån. Det er veldig viktig å lese meldingane som kjem opp på skjermen, og plassere bøker på rett tralle! Du må sjølv syte for å ha oversikt over låna dine, og levere inn bøker til rett tid. Hugs alltid å låne ut bøkene før du går, og ta med kvittering for utlån. Vanlege lånereglar gjeld.

NB! Bøker du har tinga/resevert frå oss eller andre bibliotek, samt utlån av lydbøker/tidsskrift/DVD kan kun administrerast i bemanna opningstid.

Tilbod sjølvbetjening:

- **Innlevering, utlån og statussjekk på låneautomat**
- **Gratis Wi-Fi**
- **Stasjonære PC'ar**
- **Katalogsøk**
- **Nyheitsavdeling med tidsskrift og aviser**
- **Lese krok**

